Volda kommune

Rammeavtalen Vedlegg 1

Overordna beskriving av rammeavtalens gjenstand, og oversikt over oppdragsgjevarar som kan tildele kontrakt under rammeavtalen

Graving, massetransport og trefelling

Arkivreferanse anskaffing:	26/1978
Leverandør:	[namn leverandør]

Innhald

1. Innleiing 3
2. Kunden 3
3. Nærare informasjon om rammeavtalen 3
3.1. Rammeavtalens gjenstand 3
3.2. Rammeavtalens avgrensing 3
3.3. Rammeavtalens bakgrunn og formål 3
3.4. Rammeavtalens omfang 3

1. Innleiing

Bilag 1 inneheld ei overordna beskriving av Rammeavtalens gjenstand, og ei oversikt over kven som kan foreta avrop på Rammeavtalen. I tillegg er det gitt ei beskriving av bakgrunn og formål med Rammeavtalen.

Kundens kravspesifikasjon og Leverandørens svar på denne følgjer av Vedlegg 5.

2. Kunden

Rammeavtalen gjeld heile Volda kommune som heretter omtalast som «*Kunden*».

3. Nærare informasjon om rammeavtalen

3.1. Rammeavtalens gjenstand

Rammeavtalen gjeld kjøp av tenester knytt til graving og transport av masser, inkludert tilhøyrande arbeid, samt trefelling. Nedanfor følgjer ei oversikt over oppdrag som typisk er aktuelle for Kunden (lista er ikkje uttømmande):

- Graving ved vasslekkasje
- Utskifting av kum
- Utskifting av leidningsstrekk
- Graving av grøft, inkludert grøftereinsk
- Fjerning av gamle oljetankar
- Drenering av bygg og objekt
- Arbeid i forbinding med ekstremvær
- Deponering av masser som oppstår i forbindelse med gravingsaktivitet
- Skifte av stikkleidning gjennom veg
- Felling av tre og annan vegetasjon
- Graving og utføring av mindre vegarbeid

Avtalen omfattar både planlagde oppdrag og akutte oppdrag, jf. Vedlegg 2 punkt 3.3.1 «*Planlagde oppdrag*» og punkt 3.3.2 «*Akutte oppdrag*».

Vidare inkluderer avtalen beredskap ved ferieavvikling hjå Kunden. Dette er nærare beskrive i Vedlegg 3 punkt 5 «*Beredskap gjennom Kundens ferieavvikling*».

3.2. Rammeavtalens avgrensing

Rammeavtalen gjeld ikkje kjøp av materiell. Kunden vil sjølv stå for materiell nødvendig for å utføre oppdraget, typisk rør, kummar og liknande.

Rammeavtalen dekkjer ikkje oppdrag som gjennomførast i samband med entreprisekontrakter, jf. Vedlegg 2 punkt 4 «*Kunden sin rett til å gjennomføre ordinær anskaffingsprosess*». I slike tilfelle inngår graving og liknande tenester i entreprisen, eventuelt vil Kunden ofte gjennomføre eigen konkurranse.

3.3. Rammeavtalens bakgrunn og formål

Formålet med rammeavtalen er å dekke Volda kommune sitt behov for graving, trefelling og massetransport med tilhøyrande arbeid.

3.4. Rammeavtalens omfang

Rammeavtalen vil gjelde oppdrag der anleggsstad kan vere overalt i Volda kommune.